



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	02.05.2024
Møtetid:	18:00 - -23:00
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer	medlem	H	
Myklebusthaug			
Oskar Nordgard	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Frank Erik Øksnes	medlem	INP	
Renee Hansen	medlem	SAM	
Semmingsen			
Ingeborg Lohne	medlem	SAM	
Hordvik			

Bjørn Inge Håland	medlem	SP
Dyrkolbotn		
Reidar Øksnes	medlem	SP
Gro Kaland	medlem	SP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
-------------	--------------	--------------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
-------------	--------------	--------------	----------------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Asbjørn Nagell Toft	

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 28/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 2. mai 2024	
PS 29/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 21. mars 2024	
OS 3/2024	Orienteringar frå ordførar til KS 2.5.2024	
OS 4/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 2.5.2024	
PS 30/2024	Austrheim kontrollutval si årsmelding	
PS 31/2024	Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekninga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune	
PS 32/2024	Godkjenning av planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel i Austrheim kommune - Plan Id 2023001	
PS 33/2024	Overordna stategi for helsefellesskap i bergensområdet	
PS 34/2024	Partnarskapsavtale NH Næringslag	
PS 35/2024	Godkjenning av Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024	
PS 36/2024	Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS til handsaming i kommunestyre	
PS 37/2024	Referatsaker til kommunestyremøtet 2. mai 2024	
PS 38/2024	Høyringssvar på heilskapleg plan for tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune	
RS 19/2024	IUA Bergen region KO -Protokoll frå representantskapsmøte 10. april 2024	
RS 20/2024	Vedtak i Levekårsutvalet - arbeid etter innbyggjarundersøking om interesse for bustader	
RS 21/2024	IKT- Nordhordland - protokoll frå representantskapsmøte 18.03.2024	

RS 22/2024	Vikarbruk i offentlig sektor
RS 23/2024	Rapport om kartlegging av kommunane si saksbehandling i helse- og omsorgstenesta
RS 24/2024	Informasjon om lovendring - omvendt voldsalarm
RS 25/2024	Møteprotokoll - Eldrerådet 2. april 2024
RS 26/2024	Protokoll frå møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.04.2024
RS 27/2024	Frå KS - Informasjonsnotat om tariff
RS 28/2024	Årsmelding frå Sivilombudet 2023
OS 5/2024	Spørjetimen

PS 28/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 2. mai 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 28/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 2. mai 2024:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 28/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 2. mai 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 29/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 21. mars 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå kommunestyret 21. mars 2024 vert godkjent.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 29/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 21. mars 2024:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 29/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 21. mars 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå kommunestyret 21. mars 2024 vert godkjent.

OS 3/2024 Orienteringar frå ordførar til KS 2.5.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert teken til vitende.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 3/2024 Orienteringar frå ordførar til KS 2.5.2024:

Ordførar Morten Sognnes (H) orienterte om avtalen som er inngått med Aufera om innkjøp av ein bil som skal brukast til å kjøra Aufera-tilsette (VTA-plassar) til og frå Manger, og av Aufera i arbeidet dei har.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 3/2024 Orienteringar frå ordførar til KS 2.5.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert teken til vitende.

OS 4/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 2.5.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 4/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 2.5.2024:

Orientering om NGIR:

Ved dagleg leiar Bjørn Berg, økonomisjef Ove-Christian Fredriksen og styreleiar Leif Hosøy Sleire. Eigen presentasjon om tenesta, gebyr, med meir.

Orientering om BTI, Betre tverrfagleg innsats:

Prosjektleiar Evy Sætre orienterte om BTI og korleis det vert jobba med dette i Austrheim og samarbeidskommunane.

Folkehelse rapport v/kommuneoverlege Peter Kubon.

Dette er protokollert under sak 35/2024, Godkjenning av Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024. Folkehelse rapporten ligg ved som vedlegg til saka.

Demensplan v/demenskoordinator Åshild Sandvin Olsson.

Eigen presentasjon.

Ordførar Morten Sognnes (H) ba om at det vart sett fart i arbeidet med å gjera Austrheim til ein demensvennleg kommune.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er viktig å fjerne skam, demens er ei "vanleg" lidning på linje med andre lidningar.

Renee Semmingsen (Samlingslista) oppmoda til å informera også på barne- og ungdomsskulane, for å spreia kunnskap om lidinga.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om følgjande saker:

- Ny organisasjon v/kommunedirektøren, kjem meir om dette på samlinga i Kilstraumen 13. og 14. mai.
- Økonomistatus
- Framdrift Helsetunet, kjem til politisk handsaming i kommunestyret i juni.
- Status oppdrag og prosjekt, kjem på neste møte i kommunestyret.

Oppfølging vedtak om omsorgsbustader frå Levekår v/kommunalsjef Bjarte Rosenlund.

- Vert bygd seks tomannsbustader i Kystlandsbyen (privat)
- Har selt ei tomt Kaland, der kjem det bustader med livsløpsstandard.
- Kystlandsbyen har meldt at dei vil leggja ut leilegheiter ved Mastrevik Torg, kan verta 17-34 leilegheiter.

Havsportsenteret, toaletta vert oppgraderte no i mai, eitt til HC-standard. Ser ut for AVS vil ta oppussinga av hovudrommet med sine elevar som arbeidskraft til hausten.

Frank Erik Øksnes (INP) spurte om det vert Bua på Havsportsenteret, her svara Rosenlund at dette med Bua vert vurdert i ei eiga sak, og at det ikkje er plass til dette på Havsportsenteret.

Det var spørjetime i møtet, spørsmål og svar ligg ved som eigne dokument.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 4/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 2.5.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

PS 30/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2023.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 30/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding:

Denne saka vart utsett til kommunestyret sitt møte 20. juni 2024

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 30/2024 Austrheim kontrollutval si årsmelding:

PS 31/2024 Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekinga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune byggjer fortau og veglys langs Fv. 5502 mellom Førlands-krysset og Solend-krysset i perioden 2024 og 2025. Totalkostnad inkl. mva er på kr. 5,5 mill kroner.

Finansieringa vert teke av tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak løyvd av Vestland fylkeskommune til prosjektet i år 2024 på 1 mill kroner.

Restfinansieringa vert dekkja av kommunale trafikksekringsmidlar på kr. 4,5 mill kroner inkludert meriverdiavgift (mva).

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 27/2024 Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekinga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune:

Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) ba om at det vert forklart godt kvifor ein gjer trafikksekring langs denne vegen, at det baserer seg på at det skal leggst nytt VA-anlegg langs dette vegstrekket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 27/2024 Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekinga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune byggjer fortau og veglys langs Fv. 5502 mellom Førlands-krysset og Solend-krysset i perioden 2024 og 2025. Totalkostnad inkl. mva er på kr. 5,5 mill kroner.

Finansieringa vert teke av tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak løyvd av Vestland fylkeskommune til prosjektet i år 2024 på 1 mill kroner.

Restfinansieringa vert dekkja av kommunale trafikksekringsmidlar på kr. 4,5 mill kroner inkludert meriverdiavgift (mva).

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 31/2024 Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekninga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Renee Semmingsen (Samlingslista) spurte om det er mogleg å få fartsdumpar, Toft svara at det er det Statens vegvesen og fylkeskommunen som bestemmer, det er naturleg å ta opp dette i samband med bygging av anlegget.

Reidar Øksnes (Sp) sa at fartsdumpar er uheldig for dei skal fram med landbruksmaskiner, Toft svara at ein også kan prøva med smalare fartshumpar, innsnevringar i vegbana, samt be politiet om å komma med fleire kontrollar.

Terje Håland (Ap) sa at det er viktig å ikkje gjera det vanskeleg for dei som bur langs vegen, når ein vil til livs nokre få som brukar dette som snarveg. Toft svara at det også kan skiltast med forbod mot gjennomkjøring.

Aslak Bakke (H) sa at dette er eit godt prosjekt der ein får tatt vatn, avlaup og fortau i same saka.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 31/2024 Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekninga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune:

Formannskapet 25.04.2024

Formannskapet sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune byggjer fortau og veglys langs Fv. 5502 mellom Førlands-krysset og Solend-krysset i perioden 2024 og 2025. Totalkostnad inkl. mva er på kr. 5,5 mill kroner.

Finansieringa vert teke av tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak løyvd av Vestland fylkeskommune til prosjektet i år 2024 på 1 mill kroner.

Restfinansieringa vert dekkja av kommunale trafikksekringsmidlar på kr. 4,5 mill kroner inkludert meriverdiavgift (mva).

PS 32/2024 Godkjenning av planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel i Austrheim kommune - Plan Id 2023001

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel i Austrheim kommune - Plan Id 2023001. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 32/2024 Godkjenning av planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel i Austrheim kommune - Plan Id 2023001:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Renee Semmingsen (Samlingslista) la fram eige framlegg til vedtak, i to deler. Om del 2 av framlegget, rullering av arealdelen, sa Toft at det vil kosta 2-3 millionar i kostnader til konsulentar, og frårådde at det vart gjort. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug rådde også frå å ta rullering av arealdelen inn i arbeidet no.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Avrøysting:

Tillegg 1 frå Samlingslista, fall med 15 mot 2 (Samplingslista, Renee Semmingsen og Ingeborg Hordvik)

Tillegg 2 frå Samlingslista, fall med 15 mot 2 (Samplingslista, Renee Semmingsen og Ingeborg Hordvik)

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 32/2024 Godkjenning av planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel i Austrheim kommune - Plan Id 2023001:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel i Austrheim kommune - Plan Id 2023001. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

PS 33/2024 Overordna strategi for helsefellesskap i bergensområdet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til overordna strategi for Helsefellesskapet i bergensområdet, slik den ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 33/2024 Overordna strategi for helsefellesskap i bergensområdet:

Kommunalsjef Helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Monika Thorpe (Ap) spurte om kva som er tenkt som felles stillingar, korleis skal dette organiserast mellom kommunane. Anne Hildegunn Færøy svara at eit døme på deling kan vera å ha psykolog i samarbeid med Bup, men det må jobbast vidare med ein strategi for denne typen samarbeid.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 33/2024 Overordna strategi for helsefellesskap i bergensområdet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til overordna strategi for Helsefellesskapet i bergensområdet, slik den ligg føre.

PS 34/2024 Partnarskapsavtale NH Næringslag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at ein inngår samarbeidsavtale med Nordhordland Næringslag, som gjort greie for i saka.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 30/2024 Partnarskapsavtale NH Næringslag:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Det var semje i formannskapet om at det må rapporterast tilbake kva Nordhordland Næringslag gjer for Austrheim kommune, dette noterte kommunalsjefen seg.

Denne saka skal også til kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 30/2024 Partnarskapsavtale NH Næringslag:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår at ein inngår samarbeidsavtale med Nordhordland Næringslag, som gjort greie for i saka.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 34/2024 Partnerskapsavtale NH Næringslag:

Kommunalsjef samfunnsutvikling, Bjarte Rosenlund, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om dette er eit næringslag for Fensfjorden eller Nordhordland. Må sjå til det som skjer i Skipavika og andre stader på den sida av Fensfjorden. Her svara Rosenlund at Nordhordland Næringslag er aktiv også på Gulen-sida av Fensfjorden, i Sløvåg og i Skipavika.

Aslak Bakke (H) sa at det er eit positivt samarbeid so kan få Austrheim meir på kartet, og så må ein evaluera det etter kvart.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at kommunen er medlem i mange ting, her er det OK å evaluera det etter at avtaleperioden på to år er unnagjort.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at næringslaget vert brukt av Austrheim vidaregåande, dei er flinke til å snakka til elevane og deltek i arbeidet med å skaffa læreplassar.

Ordførar Morten Sognnes (H) sa at næringslaget gjer eit viktig arbeid, og refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 34/2024 Partnerskapsavtale NH Næringslag:

Formannskapet 25.04.2024

Formannskapet sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår at ein inngår samarbeidsavtale med Nordhordland Næringslag, som gjort greie for i saka.

PS 35/2024 Godkjenning av Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 35/2024 Godkjenning av Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024:

Kommuneoverlege Peter Kubon presenterte rapporten.

Reidar Øksnes (Sp) peika på at det er mykje ein kan spara som samfunn ved å henta inn ungdommar før dei fell utanfor. Set av pengar til næringsutvikling, må setta av pengar til dette også.

Terje Håland (Ap) spurte om ein har god nok kunnskap om kven som bur i Austrheim. Meiner at forskjellane aukar, større skilnad i inntekter, ulik interesse for å bidra etter arbeidstid for ulikt frivillig arbeid. Kva veit ein for å vita at ein gjer riktige tiltak.

Peter Kubon svara at det er vanskeleg å rekna ut kva som faktisk løner seg av ulike tiltak. Ser det som viktig å satsa på frivillig arbeid, som også bidrar til inkludering. Må sjå på om dette er så vesentleg at dette er noko som må satsast på.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om tiltaket med miljørettelær i skulen gjev den effekten ein ønskjer. Kommunedirektør Fjellhaug svara at miljørettelær gjer ein god jobb, men at ein person ikkje kan løysa dette aleine. Krev innsats frå alle. Vil også sjå situasjonen klarare når tala frå ungdomsundersøkinga er klare, dei vert presenterte for kommunestyret i september.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 35/2024 Godkjenning av Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

PS 36/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS til handsaming i kommunestyre

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 36/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS til handsaming i kommunestyre:

Manglar eit dokument, blir returnert

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 36/2024 Revidert selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS til handsaming i kommunestyre:

PS 37/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 2. mai 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 37/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 2. mai 2024:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til referatsakene, og sa at dei folkevalde kan ta ordet om dei ønskjer.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 37/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 2. mai 2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

PS 38/2024 Høyringsvar på heilskapleg plan for tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til framlegg til høyringsvar på heilskapleg plan for tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland.

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 38/2024 Høyringsvar på heilskapleg plan for tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til saksutgreiinga og høyringsuttale.

Per Lerøy (Ap) oppmoda andre parti til også å komma med uttale til høyringsframlegget, innan fristen 20. mai.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 38/2024 Høyringsvar på heilskapleg plan for tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til framlegg til høyringsvar på heilskapleg plan for tilbodsstruktur for vidaregåande skule i Vestland.

RS 19/2024 IUA Bergen region KO -Protokoll frå representantskapsmøte 10. april 2024

RS 20/2024 Vedtak i Levekårsutvalet - arbeid etter innbyggjarundersøking om interesse for bustader

RS 21/2024 IKT- Nordhordland - protokoll frå representantskapsmøte 18.03.2024

RS 22/2024 Vikarbruk i offentleg sektor

RS 23/2024 Rapport om kartlegging av kommunane si saksbehandling i helse- og omsorgstenesta

RS 24/2024 Informasjon om lovendring - omvendt voldsalarm

RS 25/2024 Møteprotokoll - Eldrerådet 2. april 2024

RS 26/2024 Protokoll frå møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.04.2024

RS 27/2024 Frå KS - Informasjonsnotat om tariff

RS 28/2024 Årsmelding frå Sivilombudet 2023

OS 5/2024 Spørjetimen

Handsaming i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 5/2024 Spørjetimen:

Ingeborg Hordvik, Samlingslista:

1.) Vi i Samlingslista vil nytta høvet i spørretimen til å etterlyse svar frå kommunedirektøren på spørsmålet som vart stilt i KS 15.2.24.

OS 1/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 15.2.2024

- Tore Svendsen etterlyste at det var svara ut meir detaljert kring dette med Montrealavtalen. Opprettheld etterlysinga frå sist møte om at kommunestyret ber kommunedirektøren svara om oppfølginga av Montrealavtalen. Her svara kommunedirektøren at det er lagt inn noko i årsrapporteringa som skal vera klar til 1. mars, der oppfølginga av klimarekneskapen er ein eigen del, men kommunestyret kan også be om eiga sak.

- Per Lerøy viste til spørsmål dei har i samband med Montrealavtalen, og ba om at det vart

svara ut til Workshopen i Kilstraumen 14/3. Semje om det i kommunestyret.

Spørsmåla er slik: "Spørsmål til kommunedirektøren frå Ap, H og INP. Me viser til OS 1/2024 Saksnummer 2024/179 og spørsmål knytt til Montrealavtalen. Me ber om at kommunedirektøren på møtet i kommunestyret 21.03.2024 gjer greie for kor store areal som alt er verna i Austrheim kommune, kor store areal som per i dag er LNF-område og kor store areal som i praksis alt er verna som følgje av vår funksjonelle strandsone. Me ber om at kommunestyret får opplysningar om både sjø- og landareala i kommunen og at storleiken på områda vert oppgitt både i dekar og i prosent av kommunen sine totale sjø- og landareal."

2.) Tenker Austrheim kommune å komme med innspill til høringa om inkorporering av CRPD i norsk lov? Der er innspillsfrist 6.6.

Svar:

Spørsmål 1:

Austrheim kommune ber om forståing om at dette må utsetjast. Me har ikkje tid til å telja slike areal. Dette er for ressurskrevjande. Men eg legg ved ein oversikt over freda areal i Austrheim kommune. Desse er Stridsholmen naturreservat, Notholmen naturreservat og Søre Islandingen naturreservat. (Asbjørn Toft, einingsleiar plan)

Spørsmål 2:

Kommunen får tilsendt mange høyringar. Vi har ikkje kapasitet til å svara ut alle høyringar som kjem. Det vert difor vurdert i kvart einskild tilhøve i kva grad kommunen skal gje innspel. Alternativt kan ein leggje det til Levekårsutvalet som kan gje høyringsuttale. Kommunedirektøren har lagt nokre av høyringane ein får inn til kommunen, som meldingssak til FS, KS, LK og ein står då fritt til å kunne gje ei uttale dersom ein ynskjer det. (Bjørnar Fjellhaug, kommunedirektør)

Spørsmål frå Austrheim Arbeiderparti til spørjetimen i kommunestyret 2. mai 2024.

Me viser til verbdaldelen i budsjettvedtaket fatta av kommunestyret 14.12.2023:

- Vassavgift for naust og bryggjer: Tilkoplingsavgift for naust og enkle sjøbuer, uinnreidde, vert sett til 10% av bustad, hytte under 90 m². For bryggjeanlegg og marinaer blir tilkoplingsavgifta sett til kr 500,- per båtplass. Årsavgifta vert for naust og enkle sjøbuer sett til 10% av bustad/hytte under 90 m² og for bryggjeanlegg og marinaer vert denne sett kr 50,- per båtplass. Store bryggjeanlegg og marinaer (meir enn 20 båtplassar) skal ha vassmålar og betala avgift etter forbruk. Amnestiet som gjeld ut året bør forlengjast til 1. juli 2024. (Sak frå budsjettvedtaket i 2019, verbdaldelen.
- Me viser også til tidlegare svar frå kommunedirektøren der det skulle informerast om dei nye reglane for naust, enkle sjøbuer og flytebryggjer når ein var ferdig med amnestisakene for hus og hytter, og at amnestiet for marine anlegg skulle utvidast til 31. august fordi det har teke tid å få ut informasjon om tiltaket til innbyggjarane.

- Kva er status for denne saka no og vurderer kommunedirektøren å forlenga amnestiperioden ytterlegare?

For Austrheim Arbeiderparti, Per Lerøy

Svar:

- Ein har i amnestiet som allereie er ute, gått inn i fase to. Det tyder at det blir gjeve pålegg til dei som ikkje er påkobla, til å kobla seg på.
- Oppstart av amnestiet vert arbeid med og ein set oppstart på det 1. august og frist til 1. desember. Dette har med kapasitet, gjennomføring og oppfølging av amnestiet.

(Morten Sognnes, ordførar/ Bjørnar Fjellhaug, kommunedirektør)

Spørsmål til spørjetimen – kommunestyret, Terje Håland, Arbeidarpartiet

1) Kva er status på planane om å erstatte toppdekket på kunstgrasbana i Austrheim idrettspark?

Kort om bakgrunnen for mitt spørsmål

Kunstgrasbana sto ferdig i september 2010 og er dermed 14 år til hausten. Snittalderen på slike baner er 11 år. Vi ser frå andre anlegg i regionen (Ostereidet og Knarvik), der banene blei liggande altfor lenge til dels store negative konsekvensar. Betydeleg lågare aktivitetsnivå og ei bane som rett og slett blei helseskadeleg for dei som brukte ho. Når vi veit at vårt anlegg blir brukt av over 200 born, ungdomar og vaksne kvar einaste veke vil det vere veldig uheldig om me skulle kome i same situasjon. I perioden april til oktober blir også bana nytta mykje av dei to skulane i området. I tillegg kjem all den uorganiserte aktiviteten som heller ikkje er ubetydeleg. Det er samstundes viktig å ha med seg dei nasjonale retningslinjene for framtidige kunstgrasbaner, slik at Austrheim med god planlegging kan hauste erfaring frå andre anlegg som i desse dagar blir oppgradert etter nye krav og retningslinjer.

2) Kva er status på dei to grupperomma i klubbhuset (Austrheim idrettspark) som i utgangspunktet var tenkt til garderobar?

Kort om bakgrunnen for mitt spørsmål

Då klubbhuset blei planlagt for over 10 år sidan var delar av første etasje tenkt til to garderobar, som ein del av eit komplett idrettsanlegg oppe i parken. På grunn av undervisningsbehov blei ikkje garderobane ferdigstilne, men innreia til to grupperom. I dialogen som den gongen var mellom kommunen og idrettslaget (som gjekk inn med over ein million i byggebidrag) var det ei midlertidig løysing som etter nokre år skulle byggjast om til sitt opprinneleg føremål. No har det snart gått ti år og garderobane er enno ikkje på plass. Jamfør aktivitetsnivået som eg viste til i førre spørsmål er det liten tvil om at desse garderobane er sterkt ønska og behovet er der så absolutt. Først med desse på plass kan me seia at idrettsparken vår er eit komplett anlegg.

Svar:

1. Viktig sak som Håland tar opp. Kommunen har ikkje tidlegare funne rom til nytt dekke på

kunstgrasbana, men i 2021 vart det skifta granulat og kjøpt inn utstyr som tilfredsstiller reglar for oppsamling av granulat. I oktober 2022 vart det signert ny avtale mellom Austrheim idrettslag og kommunen, der det mellom anna heiter at det skal vera samarbeidsmøte mellom partane. Er usikker på om dette er gjennomført, det må i så tilfelle komma i gang. Desse tinga må vurderast i samband med økonomiplanperiode, med vedlikehaldsplan og kostnadsoversikt for arbeidet. (Morten Sognnes, ordførar).

2. Kommunen ferdigstilte klubbhuset til undervisningslokale for vaksenopplæringa etter vedtak i kommunestyret i 2014, og jamfør avtale med idrettslaget i 2013. Det er framleis behov for desse romma for vaksenopplæringa. og kan ikkje byggast om til garderobar utan at det er nye lokale for vaksenopplæringa. Var avtale om mellombels bruk som garderobe/skifte i der av lokalet i ein periode då det var færre flyktningar, men dette endra seg etter krigen i Ukraina og auka mottak av flyktningar. (Morten Sognnes/ordførar)

Sognnes viste elles til dialog om å bygga ein garasje for utstyr idrettslaget i dag lagrar ute ved idrettsparken, oppmoda til å ta dette opp i samarbeidsmøta mellom idrettslaget og kommunen.

Reidar Ulvøy, Austrheim Arbeidarparti:

1. Kva er grunnen til at formannskapsmøtene er lagt til Litlås ?
2. Er det slik at møter i framtida skal ha en stadig skiftande lokalisering ?
3. Er det gjort vurdering på korleis skiftande lokalisering påverkar effektiviteten av møtene?
4. Dette spesielt med hensyn til tidsforbruk for administrasjonen og andre i ei tid der fokus på miljø, kostnader og effektivitet har eit stadig høgare fokus?

Svar:

- Kva er grunnen til at formannskapsmøtene er lagt til Litlås ?

- Det er tidlegare snakka om å flytta litt på dei kommunale møta for å bruka meir av kommunen. Dette er ei god anledning til å flytta formannskapsmøta til sanitetshuset på Litlås, der støttar me også ei foreining som jobbar dugnad for samfunnet. Det er også plan om å halda møte andre stader i kommunen, Equinor har spurt om å ha eit kommunestyremøte der, det er fleire møte i Kilstraumen, og det er aktuelt med eit møte for kommunestyret i Rongevær. Oppfølgingsspørsmål om teknisk utstyr, her svara Sognnes at dette er OK på Litlås, Kilstraumen og hjå Equinor, medan det til dømes ikkje er på plass hjå grendahuset Drøvel i Øksneset. (Morten Sognnes, ordførar)

- Er det slik at møter i framtida skal ha en stadig skiftande lokalisering ?

- Endringane gjeld per no berre Formannskapsmøta. Kommunestyremøta er i stor grad lagt til samfunnshuset, bortsett frå todagarssamlingar som har vore i Kilstraumen. Kommunedirektøren ser ikkje at det er problem med å også leggje desse til samfunnshuset om det er ynskjeleg. Einaste er at ein ynskjer å leggje eit KS møte til Rongevær, og er invitert til Equinor på Mongstad.. (Morten Sognnes, ordførar/ Bjørnar Fjellhaug, kommunedirektør)

- Er det gjort vurdering på korleis skiftande lokalisering påverkar effektiviteten av møtene?

- Eg ser ikkje at lokalitetane skal ha noko å seie for effektiviteten av møta. Det er korte avstandar i Austrheim og eg ser ikkje at det skal ha noko påverknad på effektiviteten. (Morten Sognnes, ordførar/ Bjørnar Fjellhaug, kommunedirektør)
- Dette spesielt med hensyn til tidsforbruk for administrasjonen og andre i ei tid der fokus på miljø, kostnader og effektivitet har eit stadig høgare fokus?
- Slik møta er lagt opp i dag med møter på Samfunnshuset (evt andre stader), må administrasjonen flytte på seg uansett. I og med at det er korte avstandar, ser ein ikkje at dette påverkar i noko stor grad. Kommunedirektøren har pålagt kommunalsjefar å møte i dei politiske møta. Sakshandsamarar er i mindre grad berørt enn tidlegare. Dei møter i så høve til dei sakene dei skal delta i. Det gjer det meir effektivt til at ein ikkje tek for mange personar utover kommunalsjefane ut frå dagleg drift. (Morten Sognnes, ordførar/ Bjørnar Fjellhaug, kommunedirektør)

Reidar Ulvøy, Arbeidarpartiet:

1. Hva er status på gang og sykkel veg mellom Mastrevik og Kilstraumen ?
2. Hva er det siste som blei gjort i denne saka?
3. Hva er videre plan med dette arbeidet?

Svar:

Status er at Austrheim kommune fekk 500.000 kroner til reguleringsplanarbeidet av dåverande Hordaland fylkeskommune, og reguleringsplanen for gang- og sykkelvegen er stadfesta av Fylkesmannen i 2017 etter vedtak i kommunestyret i 2016. Austrheim kommune søkte i 2022 Statens vegvesen om 21 millionar kroner til dette vegprosjektet, som steg 1, og fekk avslag. Har søkt tilskotsordninga til Vestlandskommune til steg 1, som er Mastrevik - Kanser dalen - Sætre. Søknaden gav ikkje tilslag. Har vore i dialogmøte med fylkeskommune om tilskot og igangsetting av arbeidet og har også teke opp Solend-Førland og rundkjøring Leirvåg. Har også sett på om det er mogleg med tidlegare oppstart på denne gangvegen frå Mastrevik om ein kan tilby stein til prosjektet, så det er ein dialog i denne saka. Kan komma auka trafikk med ny veg over Radøy, og er uroa for tryggleiken for skuleborna. Austrheim kommune sitt innspel er at ein ønskjer å komma i gang med steg 1 på 900 meter, men det er Vestland fylkeskommune sin veg og dei må ta kostnaden. Ikkje fått svar frå fylket enno, men det er viktig at både tilsette og politikarar held saka varm og legg press på fylkeskommunen. (Morten Sognnes, ordførar)

Reidar Ulvøy, Arbeidarpartiet:

- Møteplasser på veien på Ulvøy og Toftegård treng oppgradering.
- Dette for å gjøre veiene mere trafikksikre for alle.
- Det var befaring på Ulvøy veien sommeren 2023 sammen med grunn – eiere.

- Grunneier b.nr 145/2 var positiv til å avgi grunn til slik oppgradering.
- Hva er status på dette arbeidet i dag?

Svar:

At vegen på Ulvøy treng oppgradering er det semje om, og det vil gjera vegen meir trafikksikker. Det var synfaring på vegen sommaren 2023, saman med grunneigar, som er positiv til å avgi grunn til oppgradering. Status i dag er at dette arbeidet ikkje har vore prioritert, det å få på plass gangveg Åråsvågen, gangveg Åråsfeltet, fortau Nordlibrekka og andre prioriterte trafikksikringstiltak i kommunen har vore viktigare. Det gjeld også naudsynt asfaltering og oppgradering av kommunevegar, og tiltak prioritert i trafikksikringsplanen 2022 til 2030, som var godkjent i 2022. Den er førande for vårt arbeid, med rekkverk Njøtebrua som prioritert 1, og tiltak ved skulane Årås og Kaland som prioritert 2 og 3. Men det er heilt naturleg at kommunedirektøren saman med tilsette på drift ser på desse møteplassane og vil informera kommunestyret på første møte etter sommarferien om konklusjonen. (Morten Sognnes, ordførar)

Handsaming i kommunestyret:

Kommunestyret tar svara til vitande

Vedtak i Kommunestyret - 02.05.2024 av sak 5/2024 Spørjetimen:

Kommunestyret tar svara til vitande

